

Ivan Petrov Karatanev
Høylandsvegen 234
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/845 - 20/16348

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2020

Avvist søknad om tilbygg - gbnr 208/6 Hegernes

Administrativt vedtak. Saknr: 354/20

Tiltakshavar: Ivan Petrov Karatanev

VEDTAK

Søknad om sjølvbyggar vart avslått. Avslaget er heimla i plan- og bygningslova § 23-8, jf. byggesaksforskrifta § 6-8 første ledd.

Søknad om tilbygg vart avvist. Avvisninga er heimla i plan- og bygningslova §§ 21-2 og 21-4, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 .

Grunngjevinga for vedtaka er gitt under vurderinga i dette vedtaket.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 25.11.19. Saka gjeld søknad om oppføring av eit tilbygg på 53 m² BRA, samt søknad om sjølvbyggar.

Planstatus

Eigedomen ligg i område for Bustad i kommuneplanens arealden for Lindås.

VURDERING

Søkar har søkt om å få vera sjølvbyggar. Kravet for å vera sjølvbyggar er gitt i byggesaksforskriften § 6-8. Her går det fram at søker må sannsynleggjera at han innehavar den rette kompetansen. Søkar har ikkje greid ut for si eige kompetanse eller for eigen erfaring. Kommunens vurdering, basert på innsendt søknad, er at søker ikkje innehavar den nødvendige kompetansen for å kunne bli godkjent som sjølvbyggar.

Vi har vidare kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Søknaden er ikkje tilstrekkeleg ansvarsbelagt, då søknad om sjølvbyggar er avslått.
2. Søknaden manglar fasade- og planteikningar. Snitteikninga er teikna i perspektiv, så det er heller ikke ei faglig god teikning.
3. Søknaden manglar situasjonsplan.
4. Gjenpart av nabovarsel er ikkje lagt ved. Vegmynde for fylkesvegen er ikkje nabovarsla.
5. Det er usikkerheit i beregninga av BRA og BYA. BYA og BRA blandast saman.
6. Søknaden mangler dispensasjon for BRA over 400 kvm (406 kvm).
7. Søknaden mangler dispensasjon for avstand til fylkesveg.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

- Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.
- Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen må sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar

Ivan Petrov Karatanev

Høylandsvegen 234

5915

HJELMÅS